

Søknad

Søknadsnr.	2019-0128	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Nye frukt- og bærkulturar - basisprosjekt 2019			

Kort beskrivelse

Basisprosjektet "Nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane" er ei langsiktig satsing i fylket for å finne nye produksjonar som har potensial for lønsam kommersiell produksjon hos oss. Med

utgangspunkt i basisprosjektet er det generert fleire prosjekt med vidareutvikling av nye kulturar i fylket og etablert dei første kommersielle felta i desse kulturane.

Prosjektbeskrivelse

Det er etablert eit langsiktig basisprosjekt for utvikling av nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane. Prosjektet omfattar desse elementa:

- Søk etter potensielle nye kulturar gjennom litteratur, internett, kontaktnett, internasjonale fagmøte og studieturar.
- Formidling av innsamla informasjon.
- Utarbeiding av grundige rapportar om dei kulturane som vert tekne inn i prøving.
- Inntak av materiale, etablering og stell av prøvefelt.
- Kartlegging av eigenskapar hos materiale i prøvefelt og formidling av resultat frå prøvinga.
- Marknadsarbeid
 - o Første vurdering av nye kulturar som produkt for direktekonsum, restaurantkjøkken og råvare for industri.
 - o Etablering av salskanal(ar) for nye frukt- og bærslag
- Første vurdering av produksjonsøkonomi hos lovande kulturar

Vi har dei siste par åra arbeidd innanfor basisprosjektet med å få på plass velegna kanalar for omsetnad av nye frukt- og bærslag. I 2018 har vi derfor lagt spesielt vekt på marknadsarbeid, og dette vil vi halde fram med i 2019. Oliver Prøven hos Njøs næringsutvikling AS er ansvarleg for det marknadsretta arbeidet i basisprosjektet. Vi har i 2018 fokusert på HOREKA-segmentet. Arbeidet mot dette segmentet vil halde fram i 2019, men vi vil da også undersøke mogelegheiter i andre marknadssegment.

Til støtte i marknadsarbeidet tar vi i 2019 sikte på å etablere ei ressursgruppe med sentrale marknadsaktørar. Det er ei klar erfaring frå marknadsarbeidet så langt, og da spesielt kontakten med

dei førande kokkane, at det berre er gjennom dialog med brukarane at vi får fram dei potensielle bruksområde for produkta. Vi greier ikkje førutsjå dette fullt ut frå vår ståstad.

Arbeidet mot marknaden har synleggjort nokre punkt i prøvinga av kulturane som vi må gje spesiell fokus i 2019. Det gjeld spørsmål knytt til lagring, haldbarheit og pakkemetode for svarthyllblom, hauste- og reinseteknikk for haskap (blåleddved) og goji-bær, og haustetid og lagring hos minikiwi.

Vi har dialog med BAMA om å etablere ein søknad til regionalt forskingsfond våren 2019 på eit forprosjekt med nye kulturar. Problemstillingar er ikkje ferdig formulerte enda, men det ser ut til å bli fokus på spørsmål rundt varehandtering for svarthyllblom, haskap og eldkvede.

Det var ikkje rom innanfor løyving i 2018 til det planlagde arbeidet med å sette opp ein stegvis modell frå start av utprøving av ein ny kultur til etablert kommersiell dyrking med marknadstilgang. Dette vil vi derfor i staden arbeide med i 2019.

I nokre av kulturane er det nødvendig med bærnott for å hindre skade av fugl (haskap, goji-bær, tindved og Ribes). Det systemet vi bruker i dag er ikkje rasjonelt, og vi vil undersøke aktuelle alternativ og få på plass ei betre løysing.

Prosjektet er styrt av ei styringsgruppe med 2 representantar frå næringa (Rikard Lysne og Olav J. Bøthun) og 1 representant frå det offentlege (Jon Anders Stavang, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Prosjektleder Dag Røen er sekretær for styringsgruppa. Vi ønsker å utvide styringsgruppa slik at den får ein breiare samansetnad, men vi vil avvente strukturendringa som pågår med samanslåing av fylke før vi gjer dette.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Njøs næringsutvikling Org.nr:991738150	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576
Kontakt- person	Stein Harald Hjeltnes	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576
Prosjekt- leder	Dag Røen	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	97524065

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Det er sendt søknad 29.03.19 til Fylkesmannen i Vestland (Sogn og Fjordane) om delfinansiering jfr. finansieringsplan. Basisprosjektet har mottatt støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med årleg søknad sidan 2006 (i 2015 var det ikkje løyvd midlar frå Fylkeskommunen, berre frå Fylkesmannen).

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sidan 2005 har det vore gjennomført ei satsing på nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane gjennom eit forprosjekt (2005) og eit basisprosjekt (2006-2018), finansiert av Sogn og Fjordane fylkekommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (i 2015 fullfinansiert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Dette er ei kontinuerleg og langsiktig satsing, og fylket har ved denne satsinga oppnådd ein førande posisjon i landet på utvikling av nye frukt- og bærkulturar. Med utgangspunkt i basisprosjektet er det etablert felt for kommersiell produksjon av nokre kulturar, og andre kulturar er no klare for vidareføring i eigne prosjekt og oppstart av kommersiell produksjon. Etablering av salskanalar for nye frukt- og bærslag er ei viktig satsing i basisprosjektet framover.

Prosjekt mål

Det overordna målet med prosjektet er å finne nye frukt- og bærkulturar med potensial for lønsam kommersiell produksjon i Sogn og Fjordane. Kulturar som gjennom basisprosjektet syner slikt potensial blir så søkt vidareført i separate prosjekt.

Forankring

Prosjektet har sidan oppstart vore finansiert gjennom midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (BU-midlar).

Prosjektet høyrer naturleg inn under satsingsområde Næringsutvikling Landbruk hos Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Basisprosjektet ("Nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane") var tidlegare (til og med 2018) spesifikt omtalt som ei satsing i årleg Handlingsplan for Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2018 (sjå t.d. link:

<https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMSF/Landbruk%20og%20mat/RBU%20Handlingsplan.pdf>). I 2019 er det eit overgangsår i og med samanslåing med Hordaland til Vestland fylke. Vi har ikkje funne tilsvarande vedtatt handlingsplan for det nye fylket.

Prosjektorganisering

Prosjektet blir gjennomført av Njøs næringsutvikling AS. Prosjektet har ei styringsgruppe som består av Jon Anders Stavang (Fylkesmannen), Rikard Lysne (dyrkar, Lærdal) og Olav J. Bøthun (dyrkar, Fresvik).

Samarbeidspartnere

Prosjektet samarbeider med dyrkarar, frukt- og bærmottak, Norsk landbruksrådgiving, NIBIO, lokal konservesindustri, restaurantar og BAMA direkte i utprøving av kulturane og råvarer frå prøvinga.

Aktivitetar

Dette er eit langsiktig og kontinuerleg prosjekt der det føregår aktivitet på alle aktivitetsområde stort sett gjennom heile året gjennom mange år.

Spesielle satsingsområde i 2019:

- Marknadsarbeid med utvida fokus
- Produsere planter og etablere større prøvefelt med eldkvede.
- Undersøkingar rundt hausting og haldbarheit i svarthyllblom, haskap, minikiwi og goji-bær.

- Utarbeide ein stegvis modell frå start av utprøving av ein ny kultur til etablert kommersiell dyrking med marknadstilgang.

Målgrupper

Frukt- og bær dyrkarar (produksjon av råvare)

Frukt- og bærmottak (mottak og vidaresending av råvare)

Konserverindustri og småskalaprodusentar (vidareforedling av råvarer)

Grossistar for omsetnad av frukt og bær til friskkonsum og HOREKA (omsetnad av råvare)

Resultat

Konklusjonar om potensial for kommersiell dyrking av nye kulturar.

Resultat og erfaringar frå prøving av nye kulturar i dyrking og av råvare hos konserverindustri, grossist, friskkonsum og restaurantkjøkken.

Etablerte avsetningskanalar for nye kulturar tilpassa tilgjengelege produktmengder.

Modell for introduksjon av nye kulturar frå start av utprøving av ein ny

kultur til etablert kommersiell dyrking med marknadstilgang.

Dyrkingsretteiingar.

Spin-off prosjekt med satsing på spesielt lovande kulturar.

Kommersiell dyrking av nye kulturar.

Effekter

På sikt: Dyrking av eit større spekter av frukt- og bærkulturar i Sogn og Fjordane som kan gje auka inntening og breiare produktspekter hos dyrkarar, frukt- og bærmottak, konserverindustri, bryggeri, småskalaprodusentar av saft og syltetøy, og omsetnadsledd. Tilgang til eit større spekter av norskprodusert frukt og bær for HOREKA og forbrukar.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Dette er eit langsiktig og kontinuerleg prosjekt der det føregår aktivitet på alle aktivetsområde stort sett gjennom heile året gjennom mange år. Milepelsplan er derfor mindre relevant, men vi kan sette opp desse spesielle punkta for 2019:

April-juli 2019: Produsere planter og etablere større prøvefelt med eldkvede.

Juni-sep 2019: Undersøkingar rundt hausting og haldbarheit i svarthyllblom, haskap, minikiwi og goji-bær.

Okt-Des 2019: Utarbeide ein stegvis modell frå start av utprøving av ein ny kultur til etablert kommersiell dyrking med marknadstilgang.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Driftskostnader	50 000					50 000
Personal- og indirekte kostnader	460 000					460 000
Reisekostnader	30 000					30 000
Sum kostnad	540 000					540 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigeninnsats Njøs næringsutvikling AS	140 000					140 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	200 000					200 000
UTM-midler - Fylkesmannen i Vestland	200 000					200 000
Sum finansiering	540 000					540 000

Geografi

1417-Vik, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal, 1426-Luster, 1445-Gloppen, 1449-Stryn

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Prosjektbeskrivelse .pdf	66 273	30.03.2019